



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Hege Blom-Bakke og Rolf Nerli
Harald Hårfagres gate 2 B

3116 Tønsberg

Delegert sak nr. 17/361

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2017/480	24579/2017	151/125	06.12.2017

151/125 - Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett - endring
Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (plb) § 20-4.

TILTAK: Nye bygg og anlegg – tilbygg, endring
TILTAKETS ADRESSE: Farhovdriiset 15, 3864 Rauland
EIGEDOM: Gnr. 151 Bnr. 125 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Hege Blom-Bakke og Rolf Nerli
TILTAKSHAVAR: Hege Blom-Bakke og Rolf Nerli
BRA (NS 3940): Uendra
BYA (NS 3940): Uendra

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn:

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20110013 Farhovd.
Tidligare byggesak, saksmappnr. (jnr.) 1995/67 og 2012/909.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 22.11.2017. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 07.11.2017, jf. saksmappnr. (jnr.) 2017/480-10 med vedlegg.

Naboar er varsla 07.11.2017.

Det har kome inn merknad frå Tormod Aasrum i brev datert 13.11.2017.

Det har kome inn merknad frå Andreas Baksaas i brev datert 14.11.2017.

Det har kome inn merknad frå Odd Skeie i brev datert 21.11.2017.

Dei innkomne merknadane er vurdert. Endringa av tiltaket utgjer ein høgdeforskjell frå opprinneleg mønehøgde i søknad på 40cm.

Tiltaket er funne å vera tilfredsstillande i samsvar med føresegnene gjeve i reguleringsplanen for området, § 1.2.2.1 tillatt mønehøgde og gesimshøgde. Tiltaket er vurdert opp mot pbl § 29-2. Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket strid mot denne paragrafen i plan- og bygningslova.

Dei merknadane som Tormod Aasrum, Andreas Baksaas og Odd Skeie har framsett synest å vera ivaretekne i reguleringsplanen. Merknadane vert såleis ikkje teke til fylgje i byggesaka.

Tiltak:

Søknaden gjeld endring av mønehøgde på gjeve løyve på tilbygg til fritidsbustad,. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande eller liggande kledning, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi. Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK10, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – Endring av løyve – mindre endring kr. 2.000,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = uendra

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2017) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kjellaug Sandvik Eggen
Odd Skeie
Ole Andreas Baksaas
Tormod Aasrum